

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kyrkjebø

Emne: Ard og Plog

Bygdelag: Berge og Kyrkjebøstranda

Oppskr. av: Anders H. Berge

Gard: Fleire grender i Kyrkjebø.

(adresse): Nordeide i Sogn

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga ~~roynsle~~ ^{Ja.}

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spursmål 1.

Arden var brukt her i bygda til 1880. Arden var lite tenlig for bønderne her avdi jorda var så klessa og tung så arbeidet med arden av den grunn ikkje føde fram til mål ei god jordhandsaming for veksterne.


Spursmål 2.

Nei, sjå spursmål 1. Arden vart brukt slik at den vart køyrd med ~~hest~~ og forene vart lagde på tvers på åkeren. Var åkeren flat vart lagde forer på kryds slik at jorda vart meir oppløyst-ellers vart pikka eller grøvet brukt til å løysa jorda som arden ikkje hadde løyst opp. Arden vart ikkje brukt til å molda kornet ned i jorda. I det 1800 åra vart brukt ei harv av tre med tretinder i til å få kornet ned i jorda. Sjå teikninga. ~~Trerive~~ med jarntinder i var og brukt årlig.

Spursmål 3.

Nei, arden vart ikkje brukt til å leggja opp rader når ein sette poteter. Dei brukte hyppeplog eller pikke til å leggja opp reiter. Sidan 1880 har stålpløgen og hestehakka vore brukt. Disse reidskap bruker dei på alle gardsbruk i heradet idag.

Ja, der er den skilnad på hyppeplog og ard at på hyppepløgen var veltefjølter av tre eller jarn, på arden



var ikkje veltefjøl.

Spursmål 4.

Sjå teikning nr. 1 Ja, me kjenner dei.

Spursmål 5.

Ja, sjekerne var brukte til figur 3.

Spursmål 6.

Navnet som her har vore brukt ~~eg~~ er brukt den dag idag er plogdrette. Namnet skankler er brukt på vogner med hjul under.

Spursmål 7.

Ja, her var brukt fleire typer ardsjer. Disse var av stål eller alm. råhjern .Sjerebreidda var og ymse. Her var ymse av dei gamle smeder som var svert gløge til dette arbeid. I kvart bygdelag var ein eller fleire smeder som gardbrukarane vende seg til å få arbeidet utført.

Spursmål 8.

Figur 5. likner mykje den typen som var brukt her. Disse var utstyrt med sterk treos og med jern sjene så handtaket vart sett fast på. Vidare var veltefjøl av jernplater .Plogsjeret vart sett fast slik som teikninga viser av smedjarn- i dei siste tider den var brukt vart den laga^{av} stål. Sameleis vart det sett stålsjer på åsen slik som teikninga viser. Denne type gjorde breidare forer og betre arbeid i det heile. Denne plogtype var i bruk her til det fylde 1900 årstalet.

Spursmål 9.

Nei, det har aldrig vore brukt her.

Spursmål 10.

Ja, djupna kunde ein regulera slik som vist på figur 3.

Spursmål 11.

Ja, disse har vore brukte ^{meir} enn dei andre type

vxxxxikfjxxxxkikvxxxxfjxxxxxxfxdxxxxfyxxxxxixdxxxxvixfj
 xxxxxxxxxx. Dei var brukte til baa deler . Dei vart bru
 kte til alm. pløyning av åkeren. Ikkje på kryss og tvers.
 Namnet var jarnplog. Ja, ristel eller som nemnt kniv.
 Veltefjølerna var i den fyrste tid av tre- sidan jern.

Spursmål 12.

Arderne og plogerne var laga av bygdesmedern e

Spursmål 13.

Ja, nå brukast berre fabriksmidde ploger av dei ~~bx~~
 beste som kan få kjøpast hjå fabrikanterne. I 1896 til
 1900 gjekk dei helt over til fabriksmidde ploger.
 Prisen på dei gamle typer var frå fagsmeder kr. 25,- El
 les var bønderne i den tid mykje godt smeder sjølve. Min
 bestefar og far arbeide plogerne sjølve .Ja bestefar var
 og gild ljasmed.

Spursmål 14.

Ja, denne type kjenner eg godt .Namnet var grind
 deplog . Veltefjøla var litt vridd(Innhola). Dei fyrste
 tidor var veltefjøla av tre sidan av jarn. Aurekeida-les-
 ten var av jern eller stål.

Spursmål 15.

Nei plogkaren hadde ikkje øks, men han hadde ei
 trespå i lomma som han brukte å rensa fjølerna på .Sjå
 vedlagte riss.

Spursmål 16.

På denne plogtypen var tvo veltefjølerna. På den
 måten kunde ein pløya til baa kanter.

Spursmål 17.

Kloss hadde ein ikkje bruk for avdi ein kørte
 plogen både fram og attende.

Spursmål 18.

Nei, her var ikkje brukt høgre og venstreplog

4
Det hadde ein ikkje bruk når det var tvo veltefjølær på plogén.

Spursmål 19.

Plogdjupna var 5 tommer. Ei jarnsjéne gjékk opp frá plogjéret til styrehandtaket og i jern sjéna var sett fleire háal -slik at ein fékk regulera fjordjupna.

Spursmål 20.

Ja der var alltid ristel på plogerne.

Spursmål 21.

Nei, denne typra har aldri vore brukt her.

Spursmål 22.

Alm. vogn som me bruker til jødselkøyering er brukt til å køyra plogén til arbeidsstaden.

Spursmål 23.

Denne plogtype har ikkje vore brukt her i bygderne.

Spursmål 24.

Her har ikkje vore brukt i ældre tidor andre plogtyper enn dei eg har nemnd ovanføre. Av dei gamle plogtyper finnast her ikkje att eit einaste ekspl.

Det er hestehakka som no vert bruka både til hypping av poteter og setja poteterne. Sameleis er hestehakka bruka til pløyga opp om alle grøntsaker-åkrane, så hestehakka er eit av dei beste reidskap me har. Sameleis er dei nye plogerne gode reidskap. Her finnast ikkje att fleire ploger av dei fyrste fabrikkplogerne som kom her-til .

I daglig tale var ard uttalt Aren . Namnet ardaasen var ikkje brukt her men berre plogåsen.

Ordet Ard er bruka som hankjønnsord.

Berge den 10 mars 1948.

Anders H. Berg

Tillegg til ymse spørsmål.

Såvitt eg kjenner til har arden vore brukt mykje meir i Indre og Mitre Sogn enn i Ytre Sogn. Grunnen herfor er naturlig, avdi at jorda er meir sandholdig og laus enn i Ytre bygderne i Sogn. På mine reiser i dei indre og mitre strok i Sogn, har eg sitt arden liggjande millom reidskapa, og der er dei bruk som bruker denne den dag idag. Hestehakka som me set så stor lid til likar ikkje dei. Sjølv sagt er der undavtak men stort sitt ligg tilhøva slik til.

Dei åkerploger som er mest brukte her idag er ifrå Jæderfabrikkene. Etter at me slutta med jernplogen som var arbeide her vart innkjøpte Amerikanske plogar både av vendeploger og fastevæltefjoler. Det var serlig typen Syrakus som var brukte her. Denne typen vart me snart leide av avdi at væltefjola ikkje slepte godt jorda. Ein måtte skura væltefjolerne med sandpapir og vidare smør-gja dei med talg. På den måte kunde ein få jorda til å sleppa. Syrakus plogerne gjekk fort ut. Betre var stålet på jordpolgerne. Her er enndå idag nokre ekspl. att, men slik som jæderplogerne vart dei aldrig.

Hadde me ikkje havt så brattlent hadde nok traktoren vore teken ibruk her og, men dagen er ikkje fjern at dei kjem, og då får me vona det kjem til å letna noko for bønderne her på disse kanter og.

I den siste mansalder her har det lukkast for bønderne å fenge bra reidskap. 12 og 14 toms jordploger har vore innkjøpte dei siste åra. 2 hestes slåmaskin, såmaskin og potetoptakara og den vetle Belle potetoptaker er eit framifrå godt reidskap å taka opp poteter med. Elles er her av dei store potetoptakara. Dette var i korte trekk eit opprit korleis reidskap som omspurte lig til her i bygderne.

Berge den 10 mars 1948.

1404

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Vyrdsamt

Anders H. Berg